



Anette Louise Ulvesæter Nilsen  
Høgdene 15  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10179 - 21/83027

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
08.12.2021

## Manglande lok på septiktank - gbnr 1/389

**Tiltak:** Manglande lok på septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 1/389  
**Tiltakshavar:** Anette Louise Ulvesæter Nilsen

Alver kommune har **06.12.2021** motteke melding frå NORVA 24 om manglande lokk på 3. kammer på din septiktank. Denne er lokalisert på gbnr 1/272, men kommunen er kjent med at du er eigar og brukar av septiktanken.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at septiktanken til ei kvar tid er sikra, dette følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) § 28-6. Ein usikra eller dårleg sikra tank kan føra til at menneske eller dyr fell ned i han.

For at lokket skal vera forsvarleg må det vera:

- i solide material slik at ingen kan falla igjennom lokket
- sikra med lås eller anna stengsel som ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side

I plan- og bygningsloven (pbl) § 31-3 står det blant annet følgende om sikring og istandsetting:

*«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjæmmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting.»*

**Du må sikre septiktanken umiddelbart. Forsvarleg lok må monterast.  
Frist for arbeidet vert sett til 03.01.2022.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om at tanken er sikra og lokk er montert innan fristen, varslar vi samstundes om at vi kan pålegga deg å sikra septiktanken din med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra septiktanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når det er montert forsvarleg lokk på septiktanken må du fylla ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnera det til kommunen.

Du må leggja ved bilete som syner at det er montert lok og at loket er tilstrekkeleg sikra.

Skjema og bilete sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

**Aktuelt regelverk:**

- Krav til sikring av septiktank/brønn følgjer av pbl. § 28-6.
- Plikt til sikring og istandsetting av byggverk og installasjonar følgjer av pbl. § 31-3.
- Plikt til å følgje opp ulovlege tilstandar følgjer av pbl. kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56375000 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i saka, ver venleg og referer til saknr: **21/10179**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Anette Louise Ulvesæter Nilsen

Høgdenes 15

5918 FREKHAUG